



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Kommentarer til Demensplan 2020

Vi har med interesse lese gjennom høyringsdokumentet for Demensplan 2020. Vi vil nytte høvet til å framheve dei viktige dialogmøta som var i starten av prosessen for å få fram breidda av synspunkt. Likeeins vil vi gi honnør for eit ryddig og godt gjennomarbeidd dokument. Fint også at stemmene til demensramma og pårørande har kome fram i form av sitat. Dette gir meldinga nærvær.

Høgskulen i Volda, ved Institutt for sosialfag, vil gjerne kome med nokre synspunkt m.a. knytt til kunnskap og kompetanse. Sidan 2008 har vi hatt studieprogrammet Aktiv omsorg der det inngår to emne på 15 stp.: *Miljøterapi i demensomsorga* og *Musikk i målretta miljøarbeid*. Vi har i den samanheng hatt opne fagdagar om aktuelle emne innan demens og kognitiv svikt. I tillegg har bachelorstudentar i sosialt arbeid gerontologi som emne, der også kunnskap om demens inngår som eit fagområde.

Vi tenkjer det er viktige hovudgrep som er signalisert og som heilt klart vil bidra til eit meir demensvenleg samfunn. Demens og kognitiv svikt heng nøye saman. Kanskje burde ein i enno større grad nytte omgrepet kognitiv svikt for også å få med personar i gråsona. Kunnskap i alle delar av hjelpetenestene vil og ha ringverknad mot andre grupper som treng oppfølging. Aktivitet og deltaking er viktig for alle som blir avhengig av hjelp frå andre. At førebygging blir trekt fram som det første hovudgrepet er veldig bra! Livskvalitet bør inn i denne delen. Dette handlar om korleis ein legg til rette for meningsfulle kvardagar for personar med kognitiv svikt. Sosial deltaking og stimulering har ein viktig førebyggjande funksjon og reminisens vil bidra til for å styrke andre funksjonar og skape oppleving av meistring.

Å sikre varierte støtte- og avlastningsordningar av høg kvalitet er grunnleggande viktige tiltak både for den som er ramma av kognitiv svikt og for dei pårørande. Eit aktivt pårørandeperspektiv er avgjerande når nye modellar skal prøvast ut. I planen blir det m.a. peika på fysisk aktivitet, ernæring og førebygging av fall. Dette er viktige førebyggingsstrategiar. Men vi saknar at arbeidslivet vert noko sterkare vektlagt i meldinga. Ein demensdiagnose vert oppfatta som særleg alvorleg og kan føre til utestenging før ein får tatt i bruk restfunksjonar og kan bidra i arbeidslivet på andre måtar. Kunnskap om demens og kognitiv svikt må vere med i alle delar av hjelpetenestene, også NAV.

Det blir framheva at «diagnose må kome i rett tid». Dette er ei viktigare presisering enn «tidleg diagnose». Fokuset på diagnose er todelt. På den eine sida er det viktig både for dei som vert ramma og dei pårørande for å forstå kva som skjer og for å få dei rettane dei har krav på. Faremomentet er at einskildmennesket kan bli redusert til ein diagnose. Respekt for å sikre at personen «kjem i første rekke» kan i større grad sikrast ved sterk satsing på *tverrprofesjonell samhandling*. Ei slik tilnærming saknar vi i utkast til Demensplan 2020. Både i Omsorgsmeldinga (St. mld.25 (2005-2006)), Utdanningsmeldinga (Meld.nr. 13 (2011-12)) og Morgendagens omsorg (Meld. St.29 (2012-2013)) framhevar større tverrfagleg breidde i omsorgstenestene. Menneske som er råka av demens og kognitiv svikt vil få samansette og komplekse helse- og livsproblem. Dette føreset ei tverrfagleg tilnærming der fleire kunnskapsfelt vert trekte inn. Ulike aktørar må samhandle for å skape meningsfulle kvardagar. Fokus på legar og psykologar er viktig, men det er avgjerande å ha med større

breidde av fagfolk. Utdanningsmeldinga poengterer samspel i praksis. Det inneber m.a. at fokus vert lagt tidleg gjennom å ha felles emne i alle helse- og sosialutdanningar. Vi saknar at Demensplan 2020 er tydelegare på dette; tverrprofesjonelt samhandling som omgrep er faktisk ikkje nytta i planen.

I Høyringsutkast til Demensplan 2020 vert det framheva kor viktig kunnskap og kompetanse er. Dette er også vår erfaring. Høgskulen i Volda kunne ikkje tilbydd vidareutdanning innan Aktiv omsorg dersom ikkje kommunane hadde fått støtte til kompetanseheving frå Fylkesmannen. Vi får mange tilbakemeldingar frå kommunane om at Kompetanseløftet 2015 har vore ei viktig satsing. Vi håper denne ordninga blir vidareført.

HVO, Institutt for sosialfag
1. september 2015

Jan Einar Flø (s)
Instituttleiar

Anne-Sofie Egset (s)
Førstelektor